



Kolaas og Haugland tar skeia i eiga hand. (Foto: Kristian Hus)

Rikard Haugland i Uskedalen og Åge Kolaas på Sunde er permittert/opsagt frå Eidsvik Skipsbyggeri og Husnes røyrleggjarforretning.

No søkjar dei styret for det kommunale næringsfondet om stønad.

Dei ynskjer å starta ein vaktmesterteneste særleg knytta mot eldre, private og andre verksemder.

Haugland og Kolaas meiner det her er eit stort udekkja behov ettersom det ikkje finst noko slikt tilbod nærare enn på Voss.

Dei kan tenkje seg å knytte til verksemda medarbeidarar frå Odda, Stord, Kvam og Etne.

På stutt sikt vil dei knytte til seg

ein allsidig elektrikar og ein med heimehjelpserfaring.

Det har allereie mykje utstyr og nemner mellom andre desse aktuelle oppgåvene: Hagestell, snøbrøyting, flytting, mindre bilvedlikehald, sveising av landbruksmaskiner, rydding av loft/kjeller, fjerning av avfall, transport, enkle dataproblem, reparasjon av oljefyringsanlegg, mindre snekkerarbeid og innkjøp.

Dei opplyser at dei har trong for 150.000 i kapital og opererer med eit brutto driftsresultat på 265.010 kroner.

Av Ola Matti Mathisen